



## Tips til samtale med barn

<b>1. Førebuing</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Finn eit eigna rom, kor de får sitja uforstyrra</li><li>• Kva veit eg om barnet: språk, interesse</li><li>• Hjelpemiddel; spill, teiknesaker, skjema, noko barnet kan halde i</li><li>• Hva kan barnet komme til å fortelje?</li><li>• Korleis vil eg reagere dersom barnet fortel/ikkje fortel?</li><li>• Kven kan eg kontakta ved behov for bistand?</li><li>• Kva for ein informasjon kan jeg gi barnet?</li></ul>	
<b>2.</b> Etabler kontakt med barnet og fortel om formålet med samtalen.	<b>Spontansamtale</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ta utgangspunkt i utsegn frå barnet, åtferd eller uttrykk.</li><li>• Spør kva som ligg bak åtferda.</li></ul> <b>Planlagt samtale</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skap kontakt, peik på noko positivt.</li><li>• Fortel kvifor de skal snakka saman.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Påpeik noko positivt ved barnet slik at han/ho føler seg sett. (stilig genser, hører du er god i fotball el.l)</li><li>• Ta barnet med i klargjering av rommet, f.eks bere inn vatn, finne frem teiknesaker</li><li>• Sei kvifor samtalen skal finne stad. F.eks: «Då me gjekk på tur i går sa du....», eller «I den siste tida har du sett så sint/glad/lei deg ut...», eller «Når barn/unge blir så sinte som du ble nå/ i går, så er det ofte fordi dei har det vondt inni seg.....» Eller «I dag skal vi snakke om .....»</li></ul>
<b>3.</b> Fri forteljing og konkretisering.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppmod til fri forteljing - still opne spørsmål, bruk bydeform; «Kva skjedde? Fortell!»</li><li>• Lytt aktivt; «mhm...ja, så skjedde det...fortel meir om det...»</li><li>• Gjenta barnet sitt ord (uten å bli papegøye)</li><li>• Tåle pausar, evt påpeik pausar; «No lurar eg på kva du tenkjer på.....»</li><li>• Få tak i barnets oppleving: «korleis var det å vere deg då?»</li><li>• Dersom barnet ikkje fortel; Hjelp barnet gjennom informert gjetning/generalisering; «Eg har snakka med mange barn som har gjort/sagt som deg, og dei har sagt at dei ikkje tør å fortelje fordi dei er redde for kva som skjer om dei sier noko. Er det slik for deg?» «Kva er det verste som kan skje om du fortel?»</li></ul>	
<b>4.</b> Utdjup opplevingar og kjensler.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dersom det er noko du vil vite meir om, vent til ein naturleg pause før du utdjupar; «I stad fortalde du at du at mamma blir så sur. Kva skjer når mamma blir sur? «Korleis er det å vere deg då».</li></ul>	



## BTI - verktøy

<b>5. Oppsummering</b>	Oppsummer det barnet har fortalt, gi barnet moglegheit til å retta opp og evt. utdjupe. Oppsummering undervegs hjelper barnet til å fortsetje i sin frie fortelling. Ved skifte av tema i samtalen er det lurt å ha ei oppsummering av kva ein har snakka om til nå, før ein introduserar eit nytt tema.	
<b>6. Avslutning</b>	Ros barnet for å ha snakka med deg. Fortell/lage avtale om kva som skal skje vidare. Snakke om noe kvardagsleg for å runde av.	
	<b>Kom det ikkje fram noko som gir grunnlag for uro/bekymring?</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Snakk om daglegdagse tema før avslutning.</li><li>• Gi opning for ny samtale.</li><li>• Ta nytt initiativ etter nokre dagar.</li></ul>	<b>Fortalde barnet noko som gir grunnlag for uro?</b> Utarbeid ein plan for kva som skjer vidare: Kva skal skje? Kven skal involverast? Når skal det skje? Korleis blir det for barnet fram til då?
Henta frå RVTS		